



Sakshandsamar:

Lars Hustveit
E-post: lars.hustveit@sfj.no
Tlf: 57 65 62 52

Vår ref.

Sak nr.: 11/2629-8
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21366/11

Dykkar ref.

Det kongelege Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dato

LEIKANGER, 12.07.2011


Svar - NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i heile landet. Høyring


Fylkesutvalet handsama i møte 29/6 2011 (sak 82/11) framlegga i NOU 2011:3 og gjorde slikt vedtak:

“Fylkesutvalet sluttar opp om hovudvurderingane i NOU 2011:3 med slike merknader:

- 1 I Sogn og Fjordane har vi gode røynsler med fjernarbeid / fjernmøte. Vårt inntrykk er at sentrale styresmakter ikkje prioriterer denne teknologiske nyvinninga. Gevinsten for distrikta vert auka, dersom sentrale styresmakter har betre tilgang til fjernstudio og legg til rette for “streaming” av møte.
- 2 Sogn og Fjordane kan syne fram vellukka utflytting av / etablering av statlege arbeidsplassar. Både etableringa av Direktoratet for forvaltning og ikt på Leikanger og Lotteritilsynet i Førde er døme som syner at etablering av kompetansearbeidsplassar i fylket er ein god strategi. Regjeringa bør følgje opp slik utvalet føreslår.
- 3 Fylkeskommunen støttar utvalet si understreking av at breibandutbygging må prioriterast. Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at dette må gjelde for heile landet, ikkje berre for sentrale strøk.
- 4 Incentiv som gjer at FoU-sektoren får positiv utteljing for å delta meir aktivt i regionale utviklingsprosessar, har vore påpeika i ei årrekkje. Saka bør vere mogen for praktiske politiske grep.
- 5 Fylkeskommunen deler utvalet si vurdering av at nedkorting av tidsbruken på pendling / arbeidsreiser er viktigare enn pendlarfrådrag i skattereglane. Den vanskelege geografien i Sogn og Fjordane gjer at dette er eit punkt som bør analyserast nærare.
- 6 Prioritere verkemiddel som gjer det mogeleg med vekst av varierte og høgteknologiske arbeidsplassar med grunnlag i dei store naturressursane Sogn og Fjordane har, som til dømes rein energi, mineralar, fisk, skog m.m.
- 7 Å utvikle fagmiljøa og tilboda ved høgskulane i fylket vil vere viktig for å utvikle framtidige kompetansearbeidsplassar.”

Med helsing


Roar Nasset
fungerande fylkesrådmann


Lars Hustveit
fagkoordinator

